

Ope brev til Helse Vest RHF om pasienttransport .

Region Vest av Norsk Revmatikerforbund(NRF), som består av fylkeslaga i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, hadde sin årlege regionkonferanse i Bergen 14-15. april 2007. Ei av sakene som vart tatt opp var transport av pasientar heim frå sjukehusa. Den same saka hadde vi også oppe på vår konferanse i mai 2006, og vi sendte då eit brev til Helse Vest RHF om dette. Vi har ikkje fått noko svar eller reaksjon på brevet, og vi opplever at forholda for pasientane ikkje har blitt bedre. **No må noko gjerast.**

Regionkonferansen ber om at styret og administrasjonen i Helse Vest RHF tar dette på alvor, og får ein slutt på desse uverdige forholda. Det må ikkje berre vera økonomiske vurderingar som vert lagt til grunn for pasienttransporten. No må hensynet til pasientane verta det viktigaste. Vi kan ikkje godta at 8-10 pasientar som t.d. skal frå Haukeland Universitetssjukehus og til forskjellige stader i Rogaland og indre Hardanger vert sendt i den same bilen. Det vil då ta alvorleg lang tid før dei som har lengst vei er heim, opptil 7-8 timer tar turen. Dette veit vi har skjedd og slikt kan vi ikkje godta lenger.

Slik det no er, har dyr som skal transporterast til slaktehuset, bedre lover og reglar enn pasientar som skal heim frå sjukehusa etter ein operasjon.

Når ein då også veit at mange kommunar ikkje har eit godt nok utbygd rehabiliteringstilbod til pasientar, gjer det ikkje saka noko bedre. Mange pasientar vert overlatt til seg sjølv eller evt. familien, uten og få den hjelp dei treng og har krav på. Og skal dei få eit godt rehabiliteringstilbod, så må mange reisa ut både av fylke dei bur i og også ut av regionen. Dette fordi det ikkje er nok gode rehabiliteringsplassar i regionen.

No må politikarane i dei tre fylka, styret i Helse Vest RHF, setja seg ned og gjera noko med dette problemet. Vi kan ikkje ha det slik som dette i eit av dei rikaste landa i verda.

Norsk Revmatikerforbund
Region Vest
Inge Johs. Reigstad
Leiar